

## Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Ungdommens fylkesutval diskuterte om dei skulle stille seg bak reklamefinansiert kollektivtransport. Gard Johanson sette fram slikt forslag:

Ungdommens fylkesutval stillar seg positiv til reklamefinansiert kollektivtransport.

Røysting

Johanson sitt forslag fall mot 1 røyst. 2 røysta ikkje.

Ungdommens fylkesutval diskuterte vidare kva innspel dei ønskja å vidareformidle til samferdselsavdelinga. Føljande innspel kom fram frå diskusjonen:

- Reklamen bør ikkje promotere slanking og anna negativt kroppspress og bør ikkje vere direkte retta mot ungdom. Den kan gjerne promotere sunne og positive ungdomstilbod som kino, kulturtilbod, osv.
- Ungdommens fylkesutval ønskjer avgrensa tal frittstående modular.
- Ved ledig annonseplass skal ein ta omsyn til ungdomskultur.
- Ein fryktar fokus på bykjernen når det er ein bedrift utanfor Hordaland fylkeskommune som skal ta seg av vedlikehald av haldeplassane.
- Dei frigjorte midlane frå vedlikehald burde verte brukt til å tilpasse kollektivtransport til skule og fritidsaktivitetar.

## Vedtak

Ungdommens fylkesutval stillar seg positiv til reklamefinansiert kollektivtransport.

Leiar og nestleiar, saman med dei som er ansvarleg for samferdsel, får fullmakt til å skrive ein uttale på vegne av Ungdommens fylkesutval der slike punkt skal vere med:

- Reklamen bør ikkje promotere slanking og anna negativt kroppspress og bør ikkje vere direkte retta mot ungdom. Den kan gjerne promotere sunne og positive ungdomstilbod som kino, kulturtilbod, osv.
- Ungdommens fylkesutval ønskjer avgrensa tal frittstående modular.
- Ved ledig annonseplass skal ein ta omsyn til ungdomskultur.
- Ein fryktar fokus på bykjernen når det er ein bedrift utanfor Hordaland fylkeskommune som skal ta seg av vedlikehald av haldeplassane.
- Dei frigjorte midlane frå vedlikehald burde verte brukt til å tilpasse kollektivtransport til skule og fritidsaktivitetar.